

Møtebok FR 16. juni 2021

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Onsdag 16. juni kl. 18:00.
Møtestad: Nysæter kyrkje

Til stades:

Dag Sele, Nils Dale Elde, Jens Arne Stautland, Karen Valvatne (vara Nysæter) Jørgen Knudsen (geisteleg representant), og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar)

Sakshandsamar Reidun Andersen var til stades på sak 2021/19 og 2021/21

Fråver:

Marit Stalheim Grimstad , Øyvind Kyvik (kommunal representant)

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2021/17 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Vedtak:

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2021/18 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 14. april 2021.

Vedtak:

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2021/19 133 Godkjenning av revidert driftrekneskap 2020

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd ser seg ikkje i stand til å handsama denne saka i dag pga. seint innkomne sakspapir samt stort avvik mellomresultatet som vart lagt fram i april og noverande årsresultat.

Fellesrådet ber kyrkjeverja om å følgja opp dette og vil handsama saka på nytt i september.

Samrøysta vedteke.

2021/20 046 Godkjenning av årsmelding for Stord kyrkjelege fellesråd 2020

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd godkjenner årsmeldinga for 2021.

Samrøysta vedteke.

2021/21 131 Økonomirapport pr. 31.05.2021.

Vedtak:

Rekneskapsrapporten pr. 31.05.2021 vert teke til vitande.

Stord kyrkjelege fellesråd vil revidera budsjett 2021 på møtet i september.

Samrøysta vedteke.

2021/22 410 Revidering av vedlikehaldsplan for Stord kyrkje.

Vedtak:

Denne saka vert utsatt til september 2021.

Samrøysta vedteke.

2021/23 029 Sommarfullmakt til AU 2021

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd gir arbeidsutvalet (AU) fullmakt til å gjera vedtak på vegne av rådet i sommarferien, avgrensa til saker som fellesrådet etter gjeldande lover og reglar har høve til å delegera.

Vedtaka skal leggjast fram for fellesrådet i første møte etter sommarferien.

Samrøysta vedteke.

2021/24 020 Møteplan for fellesrådet 2. halvår 2021

Vedtak:

Stord kyrkjeleg fellesråd vedtek fylgjande møteplan for 2. halvår 2021:

AU: Onsdag 1.sept. kl. 16:00	FR: Onsdag 22. sept. Kl. 17.00
AU: Onsdag 20. okt. kl. 16:00	FR: Onsdag 27. oktober kl. 17.00
AU: Onsdag 1.desember 16:00	FR: Onsdag 15. desember kl. 17.00

Tirsdag 21. sept: Prostisamling for sokneråd, prost og kyrkjeverjer vedk. høyring, kyrkjeordning.

Samrøysta vedteke


Referat, meldingar, orienteringar:

- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Dag & Nils
 - Færre vedtakssaker og fleire drøftingssaker har prega møta i Stord sokneråd.
 - Samtale om verdiar: Korleis ynskjer me å møta nye folk ?
 - Utvalga kjem meir i gong. Det skjer meir der enn tidlegare.
 - Evaluering av arbeidsform.
 - Info om arbeidet om frivillighet.
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Marit & Jens Arne
 - Info frå arbeidet om frivillighet.
 - Idèmyldring kring temaet dåp.
 - Idèmyldring kring konfirmantarbeidet.
 - Samarbeid med Nysæter ungdomsskule om kyrkja som ein plass å vera/leksehjelp.
 - 30-års jubileum for Nysæter kyrkje.
 - Messe for en såret jord. Konsertmesse 7.nov 2021 med kyrkjekoret Sanctus m.fl.

- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
 - Korona-stille pregar Fredheim.
 - Styret har hatt fokus på bygningsmassen.
 - Det blir større aktivitet til hausten.
 - Låneavtalen med fellesrådet er i boks.
- Nytt frå staben:
 - Stillingar og status.
 - Ferieavvikling
- Nytt frå gravplassane.

Møteleiar avgjer om saker som vert meldt etter innkallinga er utsend skal handsamast, så sant ikkje minst 1/3 av medlemene motset seg det. Saker kan utsetjast ved vanleg fleirtalsrøysting.

Stord 16. juni 2021
For Stord kyrkjelege fellesråd



Dag Sele
Leiar

Liv Kari Bru
Kyrkjevevje/dagleg leiar

**Neste møte i fellesrådet er
onsdag 22. sept. kl. 17:00**